ÅRSMELDING 2019

NOMIL
NORDFJORD MILJØVERK

I N N H A L D :

Kapittel	Overskrift	Side
1	Nordfjord Miljøverk IKS	s. 3
2	Styret sitt arbeid	s. 3
3	Tilsette	s. 3
4	Abonnement – gebyrsystem	s. 4
5	Utadretta verksemd	s. 4
6	Hushaldningsavfall	s. 4
7	Gjenbruksstasjonar	s. 6
8	Ivahola avfallsplass	s. 7
9	Handsaming av innsamla fraksjonar	s. 7
10	Anbod og avtalar 2018	s. 8
11	Økonomi	s. 8
12	Budsjett	s. 9
13	Årsverk og likestilling	s. 9
14	Arbeidsmiljø	s. 9
15	Organisasjon	s. 10
16	Ytre Miljø	s. 10
17	Avslutning	s. 10
18	Årsrekneskap 2019 med notar	s. 11
19	Revisjonsmelding for 2019	s. 18

STYRETS ÅRSMELDING 2019

1. NORDFJORD MILJØVERK IKS

Nordfjord Miljøverk IKS, NoMil er eit interkommunalt selskap, og har som føremål å utføre kommunane sine oppgåver innan avfallshandtering. Selskapet har overteke kommunane sine rettar og plikter innanfor avfallshandsaming jf. § 30 og § 34 i Forureiningslova. Kommunane har i meldingsåret ein eigardel i NoMil som svarer til folketalet i 2012, og heftar såleis uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

2. STYRET SITT ARBEID

Styremedlemmar og varamedlemmar vert valde av representantskapet med funksjonstid på 2 år.
Styret i selskapet skal etter vedtektene ha eit medlem pr. medlemskommune, og har i 2019 hatt slik samansetjing:

Styremedlemmar:	Varamedlemmar:	Kommune:
Kristen Atle S. Hundeide, styreleiar	Turid Vassliås Borgund	Eid
Gunnvor A. Sunde, nestleiar	Jeffrey Thomas	Gloppen
Per Atle Kjøllesdal	Roar Grønmo	Stryn
Einar O. Midtbø	Sølvi Grov	Vågsøy
Stein Robert Osdal	Jan Vidar Smenes	Selje
Espen Sortevik	Nina Grotle	Bremanger
Randi Langlo	Elsa Raftevold	Hornindal (til 31.12.2019)

Styret har i 2019 handsama 39 saker fordelt på 6 møter, og har mellom anna arbeidd med følgjande saker:

- Årsrekneskap og årsmelding for 2018
- Budsjett for 2020 og Økonomiplan 2020-2023
- Nye Kinn kommune som medeigar
- Revisjon av selskapsavtale
- Revisjon av Standardforeskrift for hushaldningsavfall
- Gebyr- og slamforskrift for 2020
- Vurderingar omkring framtidig biogassproduksjon i samråd med Nordfjordrådet

Representantskapet har i 2019 hatt 2 møte og handsama 8 saker.
Leiar av representantskapet er Kristin Maurstad og nestleiar er Nils Per Sjåstad.

3. TILSETTE

Administrasjonen.

Ved utgangen av 2019 var administrasjonen samansett av følgjande personar:

- Administrerande direktør Inge Bent Arnestad
- Driftsleiar Frode Denk
- Kontorkonsulent Bente Hestenes
- Miljøkonsulent Janne Bareksten
- Konsulent Kristen Reikvam Ravnestad
- Økonomimedarbeidar Marianne Mardal Roset
- Kontormedarbeidar Trude Myrold Holvik

Hovudmottak Eidsmona.

Mottaket har fire tilsette med ansvar for drift av hovudanlegget, handtering av alt avfall og drift av gjenbruksstasjonen for Gloppen, samt ein tilsett som har dagleg oppfølgingsansvar for alle gjenbruksstasjonane til NoMil.

Renovasjonsavdeling.
NoMil har sidan 2017 drive eiga renovasjonsavdeling lokalisert på Nordfjordeid i 2017 med til saman 10 tilsette.

4. ABONNENTAR – GEBYRSYSTEM

Følgjande tabell viser talet på hushaldningsabonnentar og fritidshus- og hytteabonnentar, fordelt kommunevis:

Kommunar	Tal husholdningar		Fritid		Sum abonnement	
	År 2019	År 2018	År 2019	År 2018	År 2019	År 2018
Bremanger	1516	1526	601	585	2117	2111
Eid	2291	2228	73	72	2364	2300
Gloppen	2239	2173	100	95	2339	2268
Hornindal	439	437	171	175	610	612
Selje	1108	1109	369	356	1477	1465
Stryn	2561	2490	1170	1133	3731	3623
Vågsøy	2123	2067	75	75	2198	2142
Sum	12277	12030	2559	2491	14836	14521



Tabell 1: Hushaldning- og fritidsabonnement fordelt på kommunane

5. UTADRETTA VERKSEMD

NoMil har fått nye heimesidene hausten 2019 for å gjere dei meir oversiktlege og brukarvenlege.
På NoMil sine nettsider (www.nomil.no) finn abonnentar og andre interesserte informasjon om NoMil sine ordningar, til dømes tømmekalender, opningstider og prisar for levering. Heimesida vert jamleg oppdaterte med aktuelt stoff.

NoMil brukar SMS-varsling til den einskilde abonnent med informasjon om ny tømmekalender, endring eller innstilte tømmeruter med vidare. Mobilapplikasjonen med varsling om levering av avfall, oversikt over gjenbruksstasjonane, sorteringsguide og anna informasjon vart oppdatert ved inngangen til 2019.

Gode elektroniske drifts- og støttesystem opnar for effektiv informasjonsflyt og god service til abonnentar og eigarar.

6. HUSHALDNINGSAVFALL

Avfall mengder og fraksjonar
Mengda med hushaldningsavfall har auka med 2,4% frå 2018.
Følgjande tabell syner mengde hushaldsavfall i tonn totalt og kg pr. innbyggjar i NoMil-kommunane frå 2016 til 2019 samanlikna med landsgjennomsnitt i 2014. "EE-avfall" står for elektrisk og elektronisk avfall.

Fraksjon	År 2019		År 2018		År 2017		År 2016		Land sn. -18
	tonn	kg/innb	tonn	kg/innb	tonn	kg/innb	tonn	kg/innb	kg / innb.
Papir/papp	1 277	39	1 018	31	1 327	40	1 189	36	
Glasemballasje	418	13	404	12	444	13	343	10	
Plast	374	11	343	10	327	10	296	9	
Tekstil	0	0	0	0	0	0		0	
Metall	542	17	656	20	1 077	33	684	21	
EE-avfall	283	9	312	9	242	7	340	10	
Farleg avfall	414	13	391	12	390	12	374	11	
Våtorganisk	2 107	64	2 156	65	2 363	72	2 273	69	
Tre / anna	1 345	41	1 360	41	1 621	49	1 108	34	
Utsortert i alt	6 760	207	6 640	202	7 791	236	6 607	200	
Restavfall energi *)	4 304	132	4 170	127	4 301	131	3 605	110	
Restavfall/ anna dep	0	0	0	0	0	0	126	4	
I alt	11 064	338	10 810	328	12 092	367	10 338	314	421





Tabell 3: Hushaldsavfall i tonn totalt og kg pr. innbyggjar

Av den samla avfallsmengda var 54% henta hos abonnentane, og 46% vart levert til gjenbruksstasjonane.
*) For 2019 kjem det i tillegg frå næring 6080 tonn avfall.

Grad av gjenvinning.
Av den samla avfallsmengda vi handterer, går i overkant av 2 prosent til deponi og anna behandling. Dette er avfall som ikkje kan leverast til forbrenning (gips, porselen, asbest m.m.). Alt restavfall går til forbrenning og energiutnytting. Materialgjenvinningsgrad i 2019 for hushaldningsavfall var 48 % mens 50 % gjekk til energigjenvinning.

	År 2019	År 2018	År 2017	År 2016	År 2015	Noreg 2017
Materialgjenvinning	48 %	47 %	42 %	50 %	46 %	39 %
Energigjenvinning	50 %	49 %	52 %	46 %	51 %	57 %
Material+energigjenv.	98 %	96 %	94 %	95 %	97 %	96 %
Deponi/anna	2 %	4 %	6 %	5 %	3 %	4 %
SUM	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %



Tabell 2: Fordeling etter behandlingsmåte for hushaldsavfall i NoMil, vektbasert.

7. GJENBRUKSSTASJONAR

NoMil har ein gjenbruksstasjon i kvar kommune, med unntak av Bremanger som har to.
Gjenbruksstasjonane tek i mot avfall som ikkje kan takast med på våre ordinære henteordningar.
Alle gjenbruksstasjonane, med unntak av Hornindal, har mottak for restavfall, trevirke, metall, returpapir, EE-avfall og farleg avfall. Dei fleste gjenbruksstasjonane har ope ein dag og ein kveld i veka, og er bemanna med 1-2 personar.

Det er betalingsordning for levering av avfall, med unntak av EE-avfall, glas- og metallemballasje, bleier, fritidsbåtar og farleg avfall frå hushaldningane.
Tabell 4 syner omsetning og tonnasje med gjennomsnittsinntekt for gjenbruksstasjonane.

Stasjon	Inntekt		Tonnasje		Inntekt/tonn	
	År 2019	År 2018	År 2019	År 2018	År 2019	År 2018
Stølsborden	276 278	240 971	441	503	626	479
Smørhamn	280 422	290 213	367	420	764	691
Selje	279 809	263 569	408	422	686	624
Eid	803 376	749 761	1 409	1 372	570	547
Hornindal	21 879	22 044	21	22	1 042	989
Gloppen	566 173	599 335	831	535	681	1 121
Stryn	658 252	722 386	1 053	1 025	625	705
Vedvik	879 838	1 053 588	1 534	1 168	574	902
Sum / snitt	3 766 027	3 941 867	6 064	5 467	696	757



Tabell 4: Tonnasje og inntekter pr. gjenbruksstasjon.

7.1 Gjenbruksstasjonen for Gloppen
Stasjonen er samlokalisert med NoMil sitt sentralanlegget i Eidsmona, og stasjonen har fått auka kapasitet i 2019.

7.2 Gjenbruksstasjon for Eid kommune
Gjenbruksstasjonen har sidan 2016 vore lokalisert hos Ortra/ MyRø Invest AS sitt anlegg på Haugen.
NoMil inngjekk i 2017 ei 11-års avtale med MyRø Invest AS om drift av gjenbruksstasjonen.

7.3 Gjenbruksstasjon for Stryn kommune
NoMil inngjekk i 2016 ei 10-års avtale med Tenden Miljø AS der det meste av avfallsleveringa skjer innandørs i storhall.

7.4 Gjenbruksstasjonane for Bremanger kommune
NoMil leiger på årsbasis eit privat areal til gjenbruksstasjonen i Smørhamn. Stasjonen på Stølsborden i Svelgen vert leigd av Bremanger kommune. Drifta av begge stasjonane er utført i eigen regi. NoMil har tidlegare vore i dialog med kommunen om eventuell framtidig samlokalisering av gjenbruksstasjonane i Bremanger.

7.5 Gjenbruksstasjon for Vågsøy kommune
Stasjonen for Vågsøy held til i Vedvik, som tidlegare var Vågsøy kommune sin avfallsplass.
NoMil leiger areal med Vågsøy kommune og driv stasjonen i eigen regi .
Dei siste åra har stasjonen vore gjennom ei oppgradering med god drift og størst omsetning av alle stasjonane.

7.6 Gjenbruksstasjonen for Selje

Stasjonen i Selje vert driven etter avtale med Selje kommune som stiller med både på personell og areal.
Tilgjengeleg areal og personalsituasjon har tidvis gjort drift av stasjonen utfordrande i driftsåret.
Kommunen og NoMil er i gang med planlegging/oppgradering av stasjonen i Selje i løpet av 2020.

7.7 Gjenbruksstasjon for Hornindal

Stasjonen i Hornindal har vore driven av Hornindal kommune, som og stiller areal til disposisjon.
VØR (Volda og Ørsta Reinhaldsverk) overtek drifta av stasjonen i Hornindal frå 01.01.2020.

8. IVAHOLA AVFALLSPLASS

Drifta på Ivahola avfallsplass vart avslutta i 2012 . Deponiet har gassanlegg for uttak, avbrenning og måling av metangass. Tekniske problem på anlegget har resultert i langvarig driftsstans, men reparasjon/opprusting av anlegget er gjennomført i 2018/2019. Analyse av sigevatnet viser ingen vesentlege endringar frå tidlegare målingar.
NoMil har ansvar for kontroll og vedlikehald av deponiet i minimum 30 år.

9. HANDSAMING AV INNSAMLA FRAKSJONAR

Restavfall.

Avfall frå renovasjonsrutene og gjenbruksstasjonane vert transportert av Thor Tenden Transport til forbrenning i Sarpsborg, etter avtale med meklarfirma Geminor AS gjeldande frå mars 2016 til 2018 med opsjon på inntil 2 år.
Etter ei samla vurdering på slutten av 2018, vart avtala med Geminor AS vidareført fram til midten av februar 2020.

Våtorganisk avfall.

Våtorganisk avfall frå hushaldningane vert lasta om til lukka krokconteinar i Eidsmona, og frakta med eigne lastebilar vidare til SIMAS sitt anlegg på Kaupanger i Sogndal. Mengda våtorganisk avfall har gått ned med 2,3% frå 2018.

Plast, papp og papir.

NoMil sorterer og pressar desse fraksjonane i samarbeid med Mona Vekst. NoMil omset returpapiret gjennom privat avtale med Rekom, og dette går til materialgjenvinning. Plasten vert omset gjennom Grønt Punkt Norge, som organiserer materialgjenvinninga. I Vågsøy vert papp, papir og plast sortert og omsett gjennom ASVO Måløy.
Innsamla mengde har det siste året auka med 21%.

Glas- og metallemballasje.

Alle hushaldningsabonnentane har eigen dunkar for glas- og metallemballasje med tømming kvar 10. veke.
NoMil har leveringsavtale med Norsk Glass- og Metallgjenvinning/ Sirkel.
Innsamla mengde glas- og metallemballasje har auka med 3,5% siste året, og 22,0 % frå før henteordninga vart etablert.

EE-avfall.

Elektrisk og elektronisk avfall vert omsett gjennom Norsirk.

Farleg avfall.

Næringslivet skal dokumentere eigenskapar ved sitt farlege avfall gjennom elektronisk deklarasjon, medan NoMil utfører tilsvarande dokumentering på farleg avfall frå hushalda. Farleg avfall vert levert til Norsk Gjenvinning, Renor, Norsk spesialolje og Batteriretur. NoMil leverer gips, asbest og andre mindre fraksjonar til Bingsa i Ålesund.

Trevirke og hageavfall.

Blanda/ureint trevirke blir etter avtale med Lindum AS (1. halvår) og Geminor AS (2. halvår) køyrt til anlegg i Sverige. Uregelmessig uttransport og mykje nedbør fører til vesentleg høgare vekt på trevirke som vert sendt til forbrenning i forhold til tørt trevirke som vert levert inn på anlegget, noko som fører til auka leveringskostander.
Det er levert hageavfall til SIMAS frå anlegget i driftsåret.

Slam frå hushaldningane.

NoMil administrerer slam-ordninga for dei fire kommunane Gloppen, Eid, Selje og Bremanger.
Det er varierande oppstarttidspunkt i kommunane ut frå at oppseiingsfristen for eksisterande avtaler er ulike.
Dei siste kommunane som sluttar seg til ordninga er Eid frå januar 2018 og Gloppen frå januar 2019.

Næringsavfall.
NoMil samlar inn restavfall frå skular, institusjonar og næringsliv gjennom eigne innsamlingsruter. Andre fraksjonar frå næringslivet blir innsamla på våre vanlege renovasjonsruter eller levert direkte til anlegget i Eidsmona eller til gjenbruksstasjon. Næringsavfall blir vidare handsama på tilsvarande måte som avfall frå hushalda.

10. ANBOD OG AVTALER I 2019.

NoMil følgjer lov om offentlege innkjøp.
Avtale på transport/mottak av trevirke vart avslutta i desember 2019, mens avtale på transport/mottak restavfall gjeld til midten av februar 2020.
På slutten av 2019 vart det lyst ut anbod på transport og mottak av både trevirke og restavfall til forbrenning.
I 2019 har og det og vore anbod på to nye renovasjonsbilar, nytt vogntog og behaldarar til innsamling av glas- og metallemballasje i Flora-regionen.

Oversikt:

Avtaler	Fraksjon	Leverandør	Periode	Opsjon	Bruk opsjon
Transport inn	Restavfall næring/fritid	Retura NoMil	05.16-05.18	1+1	05.18-08.20
Transport/mottak	Restavfall	Geminor	03.16-02.18	1+1	02.18-02.20
Transport inn	Glas- og metallemb.	Retura NoMil	06.17-05.19	1+1	06.19-06.20
Mottak	Våtorganisk	Simas	Løpande		
Mottak	Glas- og metallemb.	Syklus	Løpande		
Transport/mottak	Plast	Grøn Punkt Norge	Løpande		
Transport/mottak	Papir og papp	Rekom	Løpande		
Transport/mottak	Trevirke / flis	Lindum	01.20 - 12.20		
Transport/mottak	Metall	Vartdal Gjenvinning	Løpande		

EE-avfall og farleg avfall vert transportert til ulike spesialmottak for vidarebehandling på ikkje tidsavgrensa avtaler.

11. ØKONOMI

Rekneskapen for 2019 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr. 732.788,- mot budsjett på kr. 1.086.864,-, og eit resultat etter finans/skatt på kr. 407.735,- mot budsjett på kr. 491.452,-. Resultatet for 2019 er om lag i balanse, og overskotet skuldast i sin heilheit tilbakeføring av tidlegare for mykje avsette avskriving på kjøpt areal.

Totalt sett har inntektene auka med 4,1 mill. noko som utgjer 6,7 prosent i høve til rekneskap for 2018.
Driftskostnadane har auka med 5,6 mill. tilsvarande 9,6 prosent der omlag 4,5 mill. skuldast følgjande:

- 1,99 mill. auka løns- og personalkostnader
- 0,88 mill. kostnadsauke på restavfall til forbrenning
- 0,72 mill. auka utgifter til inntransport av avfall frå gjenbruksstasjonane
- 0,89 mill. auka utgifter til reperasjon av maskiner og utstyr

Auka lønskostnader skuldast ordinære lønstillegg og lønsjustering i samsvar med hovudavtala sine garantilønssatsar.
I tillegg har tal tilsette er auka med ny driftsleiar, kontorkonsulent og to sjåførar til nytt vogntog og servicebil.

Det har vore brukt mykje ressursar knytt til avtale med Kinn kommune og etterfølgjande arbeid med planlegging av rasjonelle og kostnadseffektive løysingar knytt til aukande avfallsmengde og over 5000 nye abonnentar frå 2020.

Fokus på inntekts- og kostnadsutviklinga i selskapet har vore nødvendig for å få eit resultat i balanse.
I forhold til kravet om å skilje mellom privat (sjølvkostområdet) og næring er det utarbeidt eit fordelt rekneskap basert på fordelingsnøklar.

Dei vesentlegaste kostnadane knytt til drifta i 2019 mot (2018):

- drift avfallsmottak 3,39 mill. (2,54 mill. /auke på 33,5 %)
- behaldarrenovasjon 20,01 mill. (19,39 mill. /auke på 3,2 %)
- drift gjenbruksstasjonar 9,17 mill. (9,50 mill. /reduksjon på 3,5 %)
- løn og administrasjon 24,04 mill. (21,16 mill. /auke på 13,6 %)

Etter styret si meining gir det framlagde rekneskap eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultat, og kjenner ikkje til at det frå rekneskapets avslutning og fram til dags dato har oppstått noko som endrar selskapets stilling.

Styret foreslår at det framlagde rekneskap vert fastsett som årsrekneskap for selskapet.
Rekneskapen er avslutta under føresetnad av framleis drift i selskapet.

Nøkkeltal	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal på anonnentar	13 805	13 805	14 183	14 408	14 521	14 836
Hushaldningsavfall (1000 tonn)	11 431	10 917	10 338	12 092	10 810	11 064
Tal medarbeiderar	9	10	10	18	21	25
Samla omsetning	40 950	43 388	47 247	51 903	60 730	64 838
Årets resultat	828	987	-716	-2 042	1 821	408
Eigenkapital	10 208	11 134	10 418	8 375	10 196	10 604
Langsiktig gjeld	26 135	24 760	28 904	27 288	25 673	24 057

Rekneskapstal oppgjeve i 1000 kr.



12. BUDSJETT

Styret har vedteke driftsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 om lag i balanse.
Renovasjonsgebyr for hushaldningar og fritidsabonnement er auka med 3,25% i 2020 mot 3,5% i 2019.
Det er budsjettert med forventa vedlikehald og investeringar knytt til maskiner og utstyr, lastebilar og bygg- og anlegg.

13. ÅRSVERK OG LIKESTILLING

NoMil hadde ved årsskiftet til saman 25 fast tilsette fordelt på 21,0 årsverk, av desse var 4 kvinner og 21 menn.
Styret har i meldingsåret hatt 7 medlemmar fordelt på 2 kvinner og 5 menn med personlege varamedlemmar fordelt på 4 kvinner og 3 menn.

14. ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet i selskapet er etter styret si meining godt, og verksemda er medlem i bedriftshelsetenesta.
Det er i meldingsåret registrert ei personskade på eigen tilsett i samband med opning av ein konteiner på hovudmottaket.

NoMil har eit samla registrert sjukefråvær i 2019 på 1,3% mot 2,15% i 2018, noko styret er tilfreds med.

NoMil skal til ei kvar tid ha fokus på at tilsette i selskapet ikkje blir utsett for slitasje og skade som direkte eller indirekte kan knytast til arbeidet i selskapet. Det er fokus på HMS med strenge krav til bruk av verneutstyr og det er m.a. gjennomført støvmålingar på anlegget i Eidsmona.
For å sikre eit akseptabelt sjukefråvær, er det kontinuerleg fokus på eit godt arbeidsmiljø.

15. ORGANISASJON

Det er gjort endringar i administrasjonen i 2019 på grunn av auka tal abonnentar, avfallsmengde og nye tilsette frå 2020 i samband med overtaking av renovasjonsordninga i Flora-regionen i Nye Kinn kommune.
Drift av abonnementsystem, økonomi- og lønsarbeid, marknadsføring- og informasjonsarbeid samt miljøfagleg område er fordelt i administrasjonen med hovudansvarleg med tilhøyrande støttefunksjon.
Desse endringane har gjeve god kapasitetsutnytting, større fleksibilitet og sikrar at daglege oppgåver vert løyst fortløpande i samband med ferieavvikling, sjukdom og liknande.

16. YTRE MILJØ

Forureining av det ytre miljø er stadig under overvaking og særleg må ein ha fokus på dette i ein bransje som handterer avfall. Dette gjeld både handsaming og transport. Vi kjenner ikkje til at det ytre miljøet vert forureina utover det som er normalt for slik drift. Vi ser likevel at flygeavfall både frå hovudanlegget og våre gjenbruksstasjonar er eit problem som vi har fokus på.

17. AVSLUTNING

Driftsåret 2019 har vore prega av høg aktivitet grunna endringar i eigarstruktur i samband med kommunereform. Hornindal kommune går ut av NoMil, Eid og Selje blir til nye Stad kommune, og Vågsøy går saman med Flora og vert nye Kinn kommune.
NoMil har vore i tingingar med Kinn kommune om overtaking av avfallordning i den nye kommunen med 12000 fleire innbyggarar frå Flora-regionen, og det har vore brukt mykje resursar på planlegging og tilrettelegging for å ta mot 30% høgare avfallsmengde og 5600 fleire abonnentar.

Endringane i eigarstrukturen har ført til at gjeldande selskapsavtale og standardforeskrift for hushaldningsavfall har vorte revidert og vedteken av alle kommunestyra i driftsåret.

Pålegg frå Fylkesmannen om nye og strengare krav til avfallshandtering, lagring og utsleppskontroll, samt krav om etablering av industrivern frå 2020 har vore prioritert.
Det har vore utskiftingar av tilsette på hovudmottaket og i renovasjonsavdelinga, samt tilsett ny driftsleiar og kontormedarbeidar.

Styret er nøgde med den daglege drifta av organisasjonen og dei disponeringar som er gjort, og vil nytte høve til å takke alle tilsette for godt utført arbeid i selskapet.

Sandane, 31.12.2019/ 16.03.2020

Kristen Atle S. Hundeide Styreleiar	Gunnvor A. Sunde Nestleiar	Stein Robert Osdal Styremedlem
Einar O. Midtbø Styremedlem	Espen Sortevik Styremedlem	Per Atle Kjøllesdal Styremedlem

Inge Bent Arnestad
Administrerande direktør

Resultatrekneskap for 2019

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2019	2018
Salsinntekt		64 091 183	59 938 628
Anna driftsinntekt		747 177	792 132
Sum driftsinntekter		**64 838 360**	**60 730 760**
Varekostnad		-33 914 503	-32 425 663
Lønskostnad	1,2,9	-13 907 679	-11 625 676
Avskriving driftsmidlar og immaterielle eigedelar	5	-2 375 420	-2 693 779
Andre driftskostnader	3	-13 907 970	-11 741 151
Sum driftskostnader		**-64 105 572**	**-58 486 269**
Driftsresultat		**732 788**	**2 244 491**
Anna renteinntekter		245 381	135 416
Sum finansinntekter		**245 381**	**135 416**
Anna rentekostnader		-570 434	-558 780
Sum rentekostnader		**-570 434**	**-558 780**
Netto finans		**-325 053**	**-423 365**
Ordinært resultat før skattekostnader		**407 735**	**1 821 126**
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
Ordinært resultat	6	**407 735**	**1 821 126**
Årsresultat		**407 735**	**1 821 126**
Overføringar			
Anna eigenkapital		407 735	1 821 126
Sum		**407 735**	**1 821 126**

Balanse pr. 31. desember 2019

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2019	2018
EIGEDELAR			
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	5,11	26 382 150	26 646 050
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner mv.	5,11	4 880 080	2 063 860
Sum varige driftsmidlar		**31 262 230**	**28 709 910**
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og andelar		712 820	685 717
Sum finansielle anleggsmidlar		**712 820**	**685 717**
Sum anleggsmidlar		**31 975 050**	**29 395 627**
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar	7	2 739 683	3 233 354
Andre fordringar		2 382 056	2 217 015
Sum fordringar		**5 121 739**	**5 450 369**
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	10 251 839	12 298 837
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**10 251 839**	**12 298 837**
Sum omløpsmidlar		**15 373 578**	**17 749 206**
Sum omløpsmidlar		**47 348 628**	**47 144 833**

Balanse pr. 31. desember 2019

Nordfjord Miljøverk IKS

	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Andelskapital	10	1 462 900	1 462 900
Sum innskoten eigenkapital		**1 462 900**	**1 462 900**
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	10	9 141 271	8 733 536
Sum opptent eigenkapital		**9 141 271**	**8 733 536**
Sum eigenkapital	**10**	**10 604 171**	**10 196 436**
Gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	24 057 434	25 672 968
Sum anna langsiktig gjeld		**24 057 434**	**25 672 968**
Sum langsiktig gjeld		**24 057 434**	**25 672 968**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		6 175 460	4 819 245
Betalbar skatt	6	0	0
Skuldige offentlege avgifter		811 337	667 358
Anna kortsiktig gjeld	11	5 700 226	5 788 826
Sum kortsiktig gjeld		**12 687 023**	**11 275 429**
Sum gjeld		**36 744 457**	**36 948 397**
Sum eigenkapital og gjeld		**47 348 628**	**47 144 833**

Sandane 31.12.2019 / 16.03.2020

Kristen Atle Smedstad Hundeide
Styreleiar

Gunnvor Sunde
Nestleiar

Stein Robert Osdal
Styremedlem

Einar O Midtbø
Styremedlem

Espen Sortevik
Styremedlem

Per Atle Kjøllesdal
Styremedlem

Inge Bent Arnestad
Adm.direktør

Nordfjord Miljøverk IKS
Notar til rekneskapen for 2019

Rekneskapsprinsipp
Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god regnskapsskikk for små føretak.
Frå 01.01.2014 er det innført skatteplikt på handtering av næringsavfall, jf skattelova § 2-5.
Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Salsinntekter
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført ved levering.

Klassifisering og vurdering av balansepostar
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som knyter seg til varekretsløpet.
For andre postar en kundefordringar, omfattar postar som forfell til betaling innan eit år
etter transaksjonsdagen. Anleggsmidlar er eigedelar bestemt til varig eige og bruk.
Langsiktig gjeld er gjeld som forfell seinare en eit år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidlar vert vurdert lavast av innkjøpspris og verkeleg verdi.
Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurdert til innkjøpspris. Varige anleggsmidlar er avskrivne etter vurdert avskrivingsplan.
Anleggsmidlane er nedskrive til verkeleg verdi med verdifall som ikkje er forventa å være forbigåande.
Langsiktig gjeld, med unntak av andre avsetningar, er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar.
Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.
Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.
For andre kundefordringar vert det gjort ei uspesifisert avsetning for framtidige tap.
Eigenkapitalinnskot i KLP er balanseført med kr 300 820,-

Tilknytte selskap.
Nordfjord Miljøverk IKS eig aksjar i følgjande selskap:
- Retura AS 60 aksjar
- Retura Nomil AS 300 aksjar, eigardel er 33%.

Det er fakturert varer og tenester til Retura Nomil AS for kr 4.458.406 (eks. mva) i 2019.
Det er kjøpt varer og tenester frå Retura Nomil AS for kr 5.912.282 (eks. mva) i same periode.
Kundekonto Retura Nomil AS er pr. 31.12.19 på kr 937.830,-
Leverandørreskontro Retura Nomil AS er pr. 31.12.19 på kr 972.086,-

Tilknytte selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.
Investeringane er vurdert til kjøpspris for aksjane med mindre nedskriving har vore naudsynt.

Varige driftsmidlar
Varige driftsmidlar er balanseført og avskrive når vurdert levetid er over 3 år og kostpris er over kr 15.000,-.
Direkte vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført løpande under driftskostnadar, mens påkost eller
forbetringar vert tillagt opprinneleg kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.

Skatt
Skattekostnaden i resultatregnskapet omfattar både periodens betalbare skatt og endringar i utsett skatt.
Utsett skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksisterer mellom
rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen
av rekneskapsåret.
Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode,
er utlika og skatteverknaden er bereka på nettogrunnlaget.

Note 1

Lønskostnader m.v.

Spesifikasjon av lønskostnader	2019	2018
Løn	11 075 136	9 485 618
Arbeidsgjevaravgift	1 321 326	1 075 715
Pensjonskostnader	1 408 194	984 728
Andre ytingar og refusjonar	103 024	79 615
Sum	**13 907 679**	**11 625 676**

Selskapet har sysselsett 21 årsverk i rekneskapsåret

Note 2

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	972 115	88 129
Anna godtgjersle	33 019	1 550

Note 3

Revisjonshonorar og andre tenester

Kostnadsført revisjonshonorar for 2019 utgjer kr. 39.120,-.
Det er ikkje utbetalt honorar for andre tenester.

Note 4

Midlertidige forskjellar - utsett skatt/skattefordel

Utsett skatt/skattefordel i balansen er avsett på grunnlag av forskjell mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i henhold til norsk rekneskapsstandard for skatt.
Midlertidig skatteauke og skattereduserande forskjellar som kan utliknast, er nettoført.

Midlertidige forskjellar knytt til:	01.01.2019	31.12.2019	Endring
Anleggsmidlar	-1 964 920	-1 720 531	-244 389
Omløpsmidlar	-188 000	-188 000	0
Skattemessig framførbart underskot	-1 150 227	-1 352 145	201 918
Netto forskjell	-3 303 147	-3 260 676	-42 471
Skattereduserande forskjellar som ikkje kan utliknast	3 303 147	3 260 676	42 471
Sum midlertidige forskjellar	0	0	0
Utsett skattefordel 31.12.2019 basert på 22%	**0**	**0**	**0**

Ut frå varsemdomsyn vert ikkje skattefordel på kr. 717.349,- balanseført.

Note 5

Spesifikasjon av varige driftsmidlar		Tomtar	Bygningar/ fast eigedom	Driftslausøyre inventar o.l.	Sum
Kostpris 01.01.2019		4 954 650	33 559 500	8 924 677	47 438 827
Tilgang i året		0	898 640	4 095 100	4 993 740
Avgang i året		0	0	-182 000	-182 000
Kostpris 31.12.2019		**4 954 650**	**34 458 140**	**12 837 777**	**52 250 567**
					0
Akkumulert av- og nedskriving 01 .01.2019			-11 868 100	-6 860 817	-18 728 917
Akkumulert avskriving 31 .12.2019			-13 030 640	-7 827 697	-20 858 337
Akkumulert nedskriving 31 .12.2019				-130 000	-130 000
Balanseført verdi pr. 31.12.2019		**4 954 650**	**21 427 500**	**4 880 080**	**31 262 230**
Årets avskrivingar			-1 162 540	-1 212 880	-2 375 420
Økonomisk levertid			5 - 50 år	3 - 20 år	
Avskrivingsplan:	**Lineær**		**2 - 20 %**	**5 - 33,33 %**	

Note 6

Skatt

Grunnlag for berekning av skatt	2019	2018
Ordinært resultat før skattekostnad	407 735	1 821 126
+/- Permanente forskjellar	-365 264	-2 321 283
+/- Årets endring i midlertidige forskjellar	-244 389	553 633
- Framførbart underskot / korreksjonsinntekt		-53 476
Årets skattegrunnlag	**-201 918**	**0**
+/- For lite/mykje avsett skatt tidlegare år	0	0
Skattekostnad i resultatrekneskapen	**0**	**0**
Betalbar skatt i balansen	**0**	**0**

Note 7

Kundefordringar

Kundefordringar er vurdert til bokført verdi, nedskrive med forventa tap på fordringar.

Spesifikasjon kundefordringar	2019	2018
Kundefordringar til bokført verdi	2 927 683	3 421 354
Avsett til dekning av usikra fordringar	-188 000	-188 000
Netto oppførte kundefordringar	**2 739 683**	**3 233 354**

Note 8

Bankinnskot

I post for bankinnskot er eigen konto for bundne skattetrekksmidlar kr. 499.166,- medrekna.
Skuldig skattetrekk er kr. 473.145,-

Note 9

Obligatorisk tenestepensjon

Selskapet har oppfylt krav til pliktig tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Note 10

Eigenkapital

Spesifikasjon eigenkapital	Aksjekapital	Anna EK	Sum
Eigenkapital 01.01.2019	1 462 900	8 733 536	10 196 436
Årets resultat		407 735	407 735
Eigenkapital 31.12.2019	**1 462 900**	**9 141 271**	**10 604 171**

Eigenkapital 31.12.2019	10 604 171
Bunden eigenkapital (etterdrift Ivahola)	5 037 774
Fri eigenkapital 31.12.2019	**5 566 397**
Bunden eigenkapital 31.12.2019	5 037 774
Avslutningskostnader deponi 2019	0
Saldo etterdriftsfond 31.12.2019	**5 037 774**

I perioden 2009 - 2013 er det kostnadsført kr. 2.511.376,- til avslutning av Ivahola avfallsplass.
Desse kostnadane er utgiftsført i rekneskapen for dei einskilde åra.

Note 11

Pantstilling og garantiar

Spesifikasjon	**2019**	**2018**
Gjeld til kredittinstitusjonar inkl. neste års avdrag (korts. gjeld)	25 673 817	27 289 193
Anna langsiktig gjeld (inkl. finansiell leasing)	0	0
Sum	**25 673 817**	**27 289 193**
Balanseført verdi av eigendelar pantsett for eiga gjeld	31 368 450	28 709 910
Selskapet sine varer som er stilt som trygd for andre selskap i konsernet er avgrensa til	0	0
Sum	**31 368 450**	**28 709 910**

Av langsiktig gjeld på kr. 24.057.434,- forfell kr. 18.494.022,- om meir enn 5 år.

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Til
Representantskapet i Nordfjord Miljøverk IKS (NOMIL)

UAVHENGIG REVISORS MELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen 2019

Konklusjon

Vi har revidert Nordfjord Miljøverk IKS sin årsrekneskap som viser eit positivt årsresultat på 407 735 kr. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember, resultatrekneskap og notar til årsrekneskapen, m.a. samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rett bilde av selskapet si finansielle stilling og av resultatet i samsvar med rekneskapsloven, lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, m.a. internasjonale revisjonsstandardar (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ut frå disse standardane er omtala i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift og har overhalde våre andre etiske plikter i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og høvelege som grunnlag for vår konklusjon.

Annan informasjon

Leiinga er ansvarleg for annan informasjon. Annan informasjon er informasjon i selskapet si årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje annan informasjon, og vi attesterer ikkje denne andre informasjonen. I forbindelse med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese annan informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den andre informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga».

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, m.a. for at den gir eit rett bilde i samsvar med rekneskapslov, lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Leiinga er

Revisjonsdistrikt som omfattar kommunane Eid , Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy
Org.nr: **976 304 470**
Telefon: **57 87 48 18 -19**
Adresse: **Tonningsgata 4, 6783 Stryn**
E-postadresse: revisor@stryn.kommune.no

også ansvarleg for slik intern kontroll som den finn nødvendig for å kunne utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold som har noko å bety for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggheit for årsrekneskapen betyr høg grad av sikkerheit, men er ingen garanti for at revisjonen alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleghald eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom det er rimeleg å frykte at den enkeltvis eller samla kan påverke økonomiske vedtak som brukarane gjer basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisors oppgåver, sjå:
www.nkrf.no/revisjonsmeldinger

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at disposisjonane som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om fortsatt drift og forslaget til dekning av underskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig ut frå internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapets rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 17. mars 2020

Haldor Sunde

Revisor